



MØTEPROTOKOLL

Utval: Driftsstyret
Møtestad: 119, Volda omsorgssenter
Dato: 10.02.2016
Tid: 13:00

Faste medlemer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Rebecca Riise Bjerknes	Leiar	SP
Alf Jakobsen	Medlem	SV
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Per Svein Krøvel	Medlem	H

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Nestleiar	AP
Mathilde Sjøhelle Eiksund	Medlem	V
Inger Tove B. Simonnes	Medlem	KRF
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP

Varamedlemer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inghild Liv Remøy	Hild Våge	MDG
Kaspar Fredrik Selvik	Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	AP
Kjell Petter Wiik	Inger Tove B. Simonnes	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Per Ivar Kongsvik	Oppvekstsjef
Svein Berg-Rusten	Ass. Helse og omsorgssjef
Vibeke Berge	Fagkonsulent skule
Bente Kristin Krøvel	Møtesekretær

På Volda omsorgssenter fekk driftsstyret ei fyldig og nyttig orientering om sektor helse og omsorg.

Ass. Helse og omsorgssjef Svein Berg-Rusten hadde generell informasjon om sektoren i tillegg til omvising i delar av bygget. Han orienterte også om tildelingskontoret og tenestene der. Vi fekk også høyre kva framtida kan gi oss med å ta i bruk velferdsteknologi.

Astrid Dimmen, leiar for Fjordsyn, heimetenester og omsorgsbustader, orienterte om heimetenester, omsorgsbustader, dreining av tenester og frivillig koordinering.

Lise Ekros, leiar for sjukeheim 2.etg., orienterte om avdelingane i 2.etg. og demensteamet.
Ann Sølvi Heltne, leiar for sjukeheim 3.etg., orienterte om sine avdelingar med Klokkarstova som er korttidsavdeling for pasientar som treng ekstra pleie etter sjukehusopphald og andre som for ei kort periode er for sjuke til å bu heime.
Leiar for heimetenestene Gry Berg-Rusten og teamleiar i heimetenesta Ingeborg H. Sunde orienterte om tenestene som ligg under heimetenestene og utfordringar i det daglege.
Prosjektleiar for kvardagsrehabilitering Synnøve Ringset Fuglehaug orienterte om prosjektet.
Leiar for rus og psykisk helseteneste Elin Høydal Vatne orienterte om mellombelse bustader.

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 6/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 7/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 8/16	Voldaprojektet - forskning på psykisk helse i barnehagane i Volda kommune
PS 9/16	Statleg ordning med auka lærartettleik i 1. - 4. klasse
PS 10/16	Arbeid med utarbeiding av oppvekstplan
	Orienteringssaker
OS 6/16	Krisesenter 2015 og økonomiske konsekvensar
OS 7/16	Overgrepsmottaket 2015

PS 6/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling og sakliste vart publisert 03.02.16.

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 10.02.2016

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjend.

PS 7/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 10.02.2016

Møteprotokoll frå forrige møte 13.01.2016, vart samrøystes godkjend.

PS 8/16 Voldaprojektet - forskning på psykisk helse i barnehagane i Volda kommune

Administrasjonen si tilråding:

Driftsstyret går inn for at ein person frå politisk nivå (folkevalde) tek del i styringsgruppa i Voldaprojektet.

Den som på politisk nivå er peika ut av driftsstyret er:

1. _____

Handsaming:

Rebecca Riise Bjerknes sa seg villig til å vere driftsstyret sin representant i Voldaprojektet.

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 10.02.2016

Driftsstyret går inn for at ein person frå politisk nivå (folkevalde) tek del i styringsgruppa i Voldaprojektet.

Den som på politisk nivå er peika ut av driftsstyret er:

1. *Rebecca Riise Bjerknes*

PS 9/16 Statleg ordning med auka lærartettleik i 1. - 4. klasse

Administrasjonen si tilråding:

Kommunestyret tek til vitende at Volda kommune ikkje er kvalifisert til den statlege ordninga med auka lærartettleik i 1. – 4. klasse.

Samrøystes tilråding i Driftsstyret - 10.02.2016 til kommunestyret

Kommunestyret tek til vitende at Volda kommune ikkje er kvalifisert til den statlege ordninga med auka lærartettleik i 1. – 4. klasse.

PS 10/16 Arbeid med utarbeiding av oppvekstplan

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Driftsstyret ber administrasjonen legge til rette for at alle tilsette i sektor for opplæring og oppvekst får høve til å nytte arbeidsheftet til å kome med innspel i det vidare arbeidet med oppvekstplanen.*
- 2. Driftsstyret vil kome med skriftleg tilbakemelding på arbeidsheftet til oppvekstsjefen innan 15. april 2016.*
- 3. Registrering av korleis born beveger seg i relasjon til skule- og fritidsaktivitetar i Volda sentrum, kalla Barnetråkk, vert ikkje ein del av oppvekstplanen. Driftsstyret føreset at slik registrering vert gjort i samband med kommuneplanen sin arealdel når kommunen er Feide-godkjent.*

Handsaming:

Arbeidshefte, innspel til oppvekstplanen frå driftsstyret og alle einingane i sektoren, vart delt ut. Heftet går også til dei faste medlemene som ikkje møtte. Driftsstyret sitt møte 13.04 blir eit arbeidsmøte der representantane skal legge fram sine synspunkt etter å ha jobba med kvar sine arbeidsfelt kvar for seg. Også evt. i sine partigrupper.

Fokusområde 1: Samhandling. Inger Tove B. Simonnes og Inghild Remøy

Fokusområde 2: Kompetansebygging. Hild Våge og Alf Jakobsen

Fokusområde 3: Førebygging. Mathilde Eiksund og Rebecca R. Bjerknes

Fokusområde 4: Kvalitetsstyring. Uthman Abu Harbid og Per Svein Krøvel

Fokusområde 5: IKT. Henning Holsvik og Roald Espset

Alf Jakobsen kom med fylgjande framlegg til pkt.4:

Driftsstyret føreset at andre aktuelle instansar vert tatt med i arbeidet med oppvekstplanen i ein høyringsprosess.

Røysting:

Administrasjonen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegget til pkt.4 frå Alf Jakobsen vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak i Driftsstyret - 10.02.2016

- 1. Driftsstyret ber administrasjonen legge til rette for at alle tilsette i sektor for opplæring og oppvekst får høve til å nytte arbeidsheftet til å kome med innspel i det vidare arbeidet med oppvekstplanen.*
- 2. Driftsstyret vil kome med skriftleg tilbakemelding på arbeidsheftet til oppvekstsjefen innan 15. april 2016.*
- 3. Registrering av korleis born beveger seg i relasjon til skule- og fritidsaktivitetar i Volda sentrum, kalla Barnetråkk, vert ikkje ein del av oppvekstplanen. Driftsstyret føreset at slik registrering vert gjort i samband med kommuneplanen sin arealdel når kommunen er Feide-godkjent.*

- 4. Driftstyret føreset at andre aktuelle instansar vert tatt med i arbeidet med oppvekstplanen i ein høyringsprosess.*

Orienteringssaker

OS 6/16 Kriesesenter 2015 og økonomiske konsekvensar

OS 7/16 Overgrepsmottaket 2015

Møtet slutt kl. 15.55

Rett utskrift vert vitna

11.02.2016

Volda kommune, servicekontoret

Bente Kristin Krøvel

førstesekretær